

**Møteprotokoll**

Utval:	Kvam herad, Kontrollutvalet
Møtestad:	Kvam rådhus, Heradsstyresalen
Dato:	28.08.2023
Tid:	09:00 - 10:45

Følgjande faste medlemer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Gjermund Stuve	Leiar	SP
Michael Iversen	Nestleiar	AP
Frank Jacobsen	Medlem	FRP
Håvard Gjerde	Medlem	R

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Ramune Paulauskiene	MEDL	SP

Følgjande varamedlemer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Ingunn Karin Torvik	Ramune Paulauskiene	SP

Andre som møtte**Namn Stilling**

Arne Tillung	Dagleg leiar i Kvam Energi AS, sak PS 24/23
Gunnar Skeie	Styreleiar i Kvam Energi AS, sak PS 24/23
Anita Hesthamar	Rådmann, sak PS 25/23 – 27/23
Ragnar Johnstad	Økonomisjef, sak PS 25/23
Heidi Ørjansen	Einingsleiar plan og byggesak, sak PS 26/23
Kristi Neteland	Leiar økonomi og personal, sak PS 27/23
Silje Fossdal	Rekneskapsrevisor i Deloitte
Annbjørge Ryssdal	Forvaltningsrevisor i Deloitte
Roald Breistein	Seniorrådgjevar i sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fk

Gjermund Stuve
utvalsleiarRoald Breistein
utvalssekretær*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
Godkjenningssaker			
GK 7/23	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 8/23	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 05.06.2023	2022/191	
Politiske saker			
PS 24/23	Kvam Energi AS orienterer	2023/378	
PS 25/23	Rådmannen orienterer om Kvam herad si oppfølging av eigarinteresser	2022/188	
PS 26/23	Øystese Grendautval - Klage	2022/195	
PS 27/23	Rådmannen orienterer om oppfølging av revisjonsrapport nr. 15. for 2022 frå Deloitte	2022/181	
PS 28/23	Deloitte presenterer revisjonsplan og risikovurdering for etterlevingskontroll 2023 for Kvam herad	2022/181	
PS 29/23	Budsjett for kontrollarbeidet i Kvam herad 2024	2022/177	
PS 30/23	Forvaltningsrevisjon innan vedlikehald av offentlege bygg - Status i arbeidet ved Deloitte	2023/377	
PS 31/23	Gjennomgang av møteprotokollar	2022/184	
PS 32/23	Eventuelt	2022/192	
Referat saker			
RS 12/23	FKT Medlemsinfo juni 2023	2022/176	
RS 13/23	Valg og opplæring av kontrollutvalg for perioden 2023–2027	2022/176	
RS 14/23	Vedtak HST 20.06.23 - 1. tertialrapport 2023	2022/181	
RS 15/23	Vedtak HST 20.06.23 - Eigarstrategiar 2023-2024	2022/188	
RS 16/23	Vedtak HST 20.06.23 - Permisjon frå verv. Kvam kontrollutval	2022/258	
RS 17/23	Vedtak HST 20.06.23 - Tilstandsrapport for grunnskulen i Kvam 2023	2022/241	
RS 18/23	Reglement for kontrollutvalet for valperioden 2023 – 2027	2022/258	
RS 19/23	Rapport etter tilsyn med kommunal beredskapsplikt og helseberedskap i Kvam herad 25. april 2023	2023/386	

GK 7/23 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 28.08.2023 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det kom ikkje fram noko i denne saka.

Vedtak

Innkalling og sakliste vart samrøystes vedteke.

GK 8/23 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 05.06.2023

Forslag til vedtak

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 05.06.2023 vert godkjent.

Saksprotokoll 28.08.2023 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det kom ikkje fram noko i denne saka.

Vedtak

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 05.06.2023 vert godkjent.

PS 24/23 Kvam Energi AS orienterer

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 28.08.2023 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Dagleg leiar, Arne Tillung, og styreleiar, Gunnar Skeie, i Kvam Energi AS orienterte om den økonomiske situasjonen i selskapet med særleg fokus på fastprisavtalane og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Presentasjonen deira vert send kontrollutvalet etter møtet.

Etter felles diskusjon vart det gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

PS 25/23 Rådmannen orienterer om Kvam herad si oppfølging av eigarinteresser

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 28.08.2023 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Økonomisjef, Ragnar Johnstad, orienterte om korleis Kvam herad utfører oppfølging av heradet sine eigarinteresser i selskap og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Det kom fram m.a. dette:

- Det nye heradsstyret skal vedta ny eigarskapsmelding som skal gjelde for neste valperiode
- Det vert årleg vedteke eigarstrategi for kvart selskap
- Den inneheld ein del standardpunkt for alle og nokre særskilte punkt for det enkelte selskap
- Dei største selskapa har ein tett dialog med og dei vert prioritert i eigaroppfølginga
- Dei mindre selskapa er ikkje like enkelt å følge opp
- Det skal i haust sendast skriftleg brev til dagleg leiar i alle selskapa med krava i eigarstrategien. Det vert bede om tilbakemelding på status.
- Oppdatert informasjon vert lagt fram for heradsstyret
- Dei som ikkje svarer vert følgd opp vidare
- Har fått henvending frå VLFK om å ha felles eigarstrategi for Hardanger AKS

Etter felles diskusjon vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

PS 26/23 Øystese grendautval - Klage

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 28.08.2023 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Einingsleiar plan og byggesak, Heidi Ørjansen, orienterte om sitt syn på klagen frå Øystese grendautval og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Det kom fram m.a. dette:

- Det vil ikkje verta gjort endring i kommuneplanen sin arealdel
- Det krev store ressursar til dette
- Areal som er ønskt kjøpt vil ikkje heradet selge
- Dette vert teke med til neste revidering av kommuneplanen

Kontrollutvalet vart samde om å ta informasjonen frå rådmannen til orientering. Vidare vart det semje om at utvalet ikkje vil bruke meir tid på klagen frå Øystese grendautval og seier seg ferdig med saka.

Etter dette vart det gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tar informasjonen frå rådmannen til orientering.
2. Kontrollutvalet vil etter dette ikkje bruke meir tid på klagen frå Øystese grendautval og seier seg ferdig med saka.

PS 27/23 Rådmannen orienterer om oppfølging av revisjonsrapport nr. 15. for 2022 frå Deloitte

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak

Saksprotokoll 28.08.2023 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Leiar økonomi og personal, Kristi Neteland, gjorde greie for og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet for kva som er/vil bli gjort i høve tilrådingane i revisjonsrapport nr. 15 for 2022 frå Deloitte.

Etter felles diskusjon vart det gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

PS 28/23 Deloitte presenterer revisjonsplan og risikovurdering for etterlevingskontroll 2023 for Kvam herad

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tar informasjonen frå Deloitte AS til orientering.
2. Utvalet ber vidare om at interimsrevisjonsrapport 2023 vert klar til handsaming i møte i kontrollutvalet 27.11.2023 med frist for levering til sekretariatet innan 13.11.2023.
3. Kontrollutvalet ber også om at uttale om resultatet av den forenkla etterlevingskontrollen vert levert til same møte som årsrekneskapen for 2023 skal handsamast, normalt i april/mai-møtet i 2024, sjølv om den nasjonale fristen er sett til 30.06.

Saksprotokoll 28.08.2023 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Silje Fossdal frå Deloitte presenterte revisjonsplan for 2023 og risiko- og vesentlegvurdering for forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga for 2023 og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tar informasjonen frå Deloitte AS til orientering.
2. Utvalet ber vidare om at interimsrevisjonsrapport 2023 vert klar til handsaming i møte i kontrollutvalet 27.11.2023 med frist for levering til sekretariatet innan 13.11.2023.
3. Kontrollutvalet ber også om at uttale om resultatet av den forenkla etterlevingskontrollen vert levert til same møte som årsrekneskapen for 2023 skal handsamast, normalt i april/mai-møtet i 2024, sjølv om den nasjonale fristen er sett til 30.06.

PS 29/23 Budsjett for kontrollarbeidet i Kvam herad 2024

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet vedtek forslag til budsjett for kontrollarbeidet i Kvam herad for 2024 inkludert eventuelle endringar som vert gjort i møtet.
2. Budsjettforslaget skal følgje sak frå rådmannen om budsjett for 2024 for Kvam herad og fram til handsaming i heradsstyret. Heradsstyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontrollarbeidet i 2024.

Saksprotokoll 28.08.2023 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Sekretariatet gjorde greie for forslag til budsjett for kontrollarbeidet for 2024 og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Det kom ikkje fram forslag til endringar i møte og det gjer at siste del av punkt 1 i forslag til vedtak går ut.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet vedtek forslag til budsjett for kontrollarbeidet i Kvam herad for 2024.
2. Budsjettforslaget skal følgje sak frå rådmannen om budsjett for 2024 for Kvam herad og fram til handsaming i heradsstyret. Heradsstyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontrollarbeidet i 2024.

PS 30/23 Forvaltningsrevisjon innan vedlikehald av offentlege bygg - Status i arbeidet ved Deloitte

Forslag til vedtak

Kontrollutvalget tar informasjonen til orientering.

Saksprotokoll 28.08.2023 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forvaltningsrevisor i Deloitte, Annbjørg Ryssdal, orienterte om status i arbeidet med forvaltningsrevisjon innan vedlikehald av offentlege bygg og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalget tar informasjonen til orientering.

PS 31/23 Gjennomgang av møteprotokollar

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksframstillinga til orientering.

Saksprotokoll 28.08.2023 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksframstillinga til orientering.

PS 32/23 Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 28.08.2023 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det vart semje om at neste og siste møte i kontrollutvalet i denne valperioden, 09.10.2023, skal haldast på Thon hotel Sandven, innlagt ein betre lunsj. Sekretariatet vert bede om å ordne med det bestilling mv.

Etter dette vart det gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

1. Kontrollutvalet vedtek at det siste møte i denne valperioden, 09.10.23, skal haldast på Thon hotel Sandven, innlagt ein betre lunsj.
2. Sekretariatet vert bede om å ordne med bestilling mv.

RS 12/23 FKT Medlemsinfo juni 2023

Saksprotokoll 28.08.2023 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 13/23 Valg og opplæring av kontrollutvalg for perioden 2023–2027

Saksprotokoll 28.08.2023 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 14/23 Vedtak HST 20.06.23 - 1. tertialrapport 2023

Saksprotokoll 28.08.2023 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 15/23 Vedtak HST 20.06.23 - Eigarstrategiar 2023-2024

Saksprotokoll 28.08.2023 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 16/23 Vedtak HST 20.06.23 - Permisjon frå verv. Kvam kontrollutval

Saksprotokoll 28.08.2023 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 17/23 Vedtak HST 20.06.23 - Tilstandsrapport for grunnskulen i Kvam 2023

Saksprotokoll 28.08.2023 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 18/23 Reglement for kontrollutvalet for valperioden 2023 - 2027

Saksprotokoll 28.08.2023 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 19/23 Rapport etter tilsyn med kommunal beredskapsplikt og helseberedskap i Kvam herad 25. april 2023

Saksprotokoll 28.08.2023 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Denne referatsaka vart ettersend på e-post 25.08.2023.

Etter felles diskusjon vart kontrollutvalet samde om å be om at rådmannen kjem i møte 09.10.2023 for å gjera greie for kva som er gjort og tidspunkt for å lukke dei 2 lovbrota som kjem fram i "Rapport etter tilsyn med kommunal beredskapsplikt og helseberedskap i Kvam herad 25. april 2023", utført av Statsforvaltaren i Vestland.

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Kontrollutvalet ber om at rådmannen kjem i møte 09.10.2023 for å gjera greie for kva som er gjort og tidspunkt for å lukke dei 2 lovbrota som kjem fram i "Rapport etter tilsyn med kommunal beredskapsplikt og helseberedskap i Kvam herad 25. april 2023", utført av Statsforvaltaren i Vestland.